



Offerdal Kraftverk AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5757 2335

Endra løyve etter forureiningslova til utslepp frå tunneldrift og utfylling med steinmassar i sjø - Offerdal kraftverk i Årdal kommune - for Offerdal Kraftverk AS

Statsforvaltaren endrar Offerdal Kraftverk AS sitt løyve etter forureiningslova til mellombels utslepp av drifts- og lekkasjevatn (tunellvatn) frå tunnelar og avrenning frå massedeponi frå bygging av Offerdal kraftverk i Årdal kommune.

Løyvet er endra med heimel i forureiningslova 18, og det er gitt oppdaterte vilkår for å redusere faren for forureining etter § 16.

Vi viser til søknad om endring av løyve frå Multiconsult på vegne av Offerdal Kraftverk AS datert 3. september 2025. Vi viser også til digitalt møte om saka datert 27. november og oppdatert søknad 28. november 2025.

Vedtak

Statsforvaltaren endrar løyve etter forureiningslova til midlertidig anleggsarbeid knytt til etablering av Offerdal kraftverk. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11, jf. §16. Endringa er heimla i lovas § 18.

Statsforvaltaren har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket vil føre til. Ved fastsetjing av vilkår har Statsforvaltaren lagt til grunn kva som er mogeleg å oppnå med bruk av beste tilgjengeleg teknikkar og vår vurdering av fare for forureining.

Utsleppsløyvet med tilhøyrande vilkår er vedlagt. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren tar sakshandsamingsgebyr for arbeid med utsleppsløyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39. Verksemda skal betale 45 600 kroner i gebyr for løyvet, jf. forureiningsforskrifta § 39-4, sats 6. Gebyrsatsen er valt på bakgrunn av ressursbruken Statsforvaltaren har hatt i samband med sakshandsaminga av løyvet. Faktura vert send frå Miljødirektoratet.



Søknad om endring av løyve

Eksisterande løyve

Statsforvaltaren i Vestland gav 24. november 2020 Offerdal kraftverk AS løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid i samband med etablering av Øvre – og Nedre Offerdal kraftverk på nordsida av Årdalsfjorden. Vi ga løyve til utslepp av drifts- og dreinsvatn frå tunneldriving og løyve til å fylle ut med overskotsmassar frå tunneldrivinga i Årdalsfjorden.

Dei viktigaste vilkåra er oppsummert i tabellen nedanfor:

Tabell 1 – Oversikt vilkåra i løyve datert 24. november 2020

Område regulert	Beskriving	Sentrale vilkår (Funksjonskrav)
Tunnelvatn	Reinseanlegg	Må reinsast i sandfang, slam- og oljeutskiljar før utslepp. Reinseanlegga skal vere dimensjonerte for maksimal vassmengd og lang nok opphaldstid for sedimentasjon.
Utslepp til Indre Offerdalselvi (Ferskvatn)	Reinsa tunnelvatn frå krafttunnelen mellom Ytre og Indre Offerdalselvi skulle sleppast ut ved Skogli.	Suspendert stoff: 100 mg/L (Stikkprøve). Olje: 5 mg/L (Stikkprøve). pH: 6–8 (Kontinuerleg måling). Dersom pH overstig 8, skal vatnet nøytraliserast.
Utslepp til Årdalsfjorden (Sjø)	Reinsa tunnelvatn frå krafttunnelen Nedre Offerdal skulle sleppast ut i Årdalsfjorden.	Suspendert stoff: 400 mg/L (Stikkprøve). Olje: 5 mg/L (Stikkprøve). Turbiditet: 10 FNU (Kontinuerleg måling utanfor siltgardinene).
Deponi (Land)	Deponering av om lag 100 000 m ³ overskotsmassar frå tunneldrivinga på land ved Skogli.	Avrenning av finstoff frå landdeponiet skal reduserast så langt råd er ved infiltrasjon i grunnen. Ved stor avrenning skal vatnet samlast opp og reinsast i sedimentasjonsbasseng/containerløysing.
Deponi (Sjø)	Deponering av ca. 150 000 m ³ overskotsmassar i Årdalsfjorden.	Metode: Skal nyttast metodar som minimerer spreing av finstoff. Siltgardin: Skal etablerast siltgardin rundt utfyllingsstaden. Arbeidet skal stoppast dersom turbiditeten overstig 10 NTU over referanseverdi. Plast: Tiltak for å hindre plastforsøpling skal setjast i verk.
Overvåking og Kontroll	Plikt til å utarbeide og setje i verk eit måleprogram.	Programmet skulle sendast til Statsforvaltaren i god tid før tiltaket starta. Sluttrapport skal sendast innan seks månader etter at anleggsarbeidet er slutført. Det skal utførast prøvetaking oppstrøms og nedstrøms deponiområdet dersom det er mistanke om utlekking.

Spesielle reguleringar


- Olje: Utslepp av olje skal i utgangspunktet ikkje førekomme. Det vart stilt krav om at tiltakshavar skulle ha beredskap og absorbentar tilgjengeleg ved punkt der oljesøl kan oppstå.
- Plast: Bruken av plast skal reduserast mest mogleg, og plastavfall (som restar av skyteleidningar og føringsrør) skal samlast opp før steinmassane vert deponerte




Søknad om endra løyve 3. september 2025

Dei viktigaste endringane som det blir søkt om er:

- Reduksjon i masse deponert i sjø: Mengda overskotsmassar som skal deponerast i Årdalsfjorden er redusert frå dei opphavlege 150 000 m³ til om lag 100 000 m³. Det blir òg vurdert moglegheit for å deponere frå land i staden for frå lekter.
- Endra deponiområde på land: Det opphavlege deponiet ved Skogli fell bort, og massar frå tunneldriving blir omdisponerte til Åsete i staden. Dette inneber ein auke i landdeponerte massar frå kring 100 000 m³ til totalt inntil 200 000 m³ anbrakte massar ved Åsete. Denne endringa er vurdert som den største med omsyn til det gitte løyvet.
- Sjøkabel: Det blir bede om ei vurdering av om nedlegging av ein sjøkabel kan reknast som mellombels anleggsarbeid, sidan sjøkabelen ikkje var omtalt i den opphavlege søknaden til Statsforvaltaren. Den nye føreslegne sjøkabeltraseen vil vere vesentleg kortare (ca. 2,2 km) enn den tidlegare konsesjonsgjevne traseen til NVE.




Figur 1 Oversikt over omsøkte endringar til NVE for Offerdal kraftverk



Figur 2 Skisse av deponiet i Årdalsfjorden. Utstrekning av deponiet er teikna ut frå 150 000 m³ massar. Dette skal no reduserast til 100 000 m³ massar (Multiconsult 2017)



Figur 3 Konsesjonsgitt trase (stipla line) og foreslått ny trase (heiltrukken line) for sjøkabel og jordkabel frå kraftanlegg til Naddvik.



Figur 4 Skisse over nytt deponi på Åsete i Indre Ofredal, 200 000 m³ anbrakte massar er tenkt plassert her

Hovudføremålet med deponiet på Åsete er å leggje til rette for ei planlagd bruksendring frå skogbruk til jordbruksareal ved Tolvmilsskogen på Åsete. Dette inneber at om lag 50 dekar skog med låg produktivitet vil bli opparbeidd til jordbruksareal. Dei reine massane frå anleggsarbeidet skal brukast som eit «tettelag» over sprengsteinsmassane for å tette holrom og bidra til å halde på fukta i jorda.

Multiconsult vurderer at endringane har mindre betydning med omsyn til eksisterande løyve, sidan type utslepp og utsleppspunkt for tunnelvatn ikkje er endra. Mindre endringar i kraftverksdesign, som utskifting av betongplatedam med tyrolarinntak, er òg vurderte å redusere inngrepet i naturen

Tilleggsopplysningar gjeve 28. november 2025

Utkast løyve vart sendt Offerdal kraftverk for kommentarar 29. oktober 2025. Det vart halde møte 27. november og me mottok kommentarar og nye opplysningar 28. november 2025.

Lettare forureina masser

Det er estimert at det vil oppstå ca. 1 000 tonn slam og botnrenskmassar med forureining over normverdi. Framfor å køyre massane til avfallsmottak så ynskjer prosjektet å deponera massane på landdeponiet på Åsete, eller i særskilde bergrom som blir sprengt ut i tunneldrivinga, og som etterpå blir tetta og forseгла for å hindre avrenning og utlekking. Det vart stilt spørsmål om regelverk knytta til slik handtering av lettare forureina massar.

Prosjektet ynskjer at dei avbøtande tiltaka i eksisterande løyve for sjødeponiet vert endra.

Siltgardin

På grunn av sjødjupne (ca. 300 meter der botnen flatar ut), sterke straumar, vind/bølgjer og fare for isdanning, vart det vurdert som lite realistisk å bruke ein siltgardin som går heilt ned til botnen.

Føreslegen løysing: Det vart føreslått å nytte ein siltgardin som berre går ned til 5 meters djup for å hindre spreining av finpartiklar i overflata.

Unntak: Det vart òg bede om unntak frå bruk av siltgardin i vinterperioden (november–mars), då isdanning gjer at gardina ikkje kan oppretthalde funksjonen sin, og det vert vurdert som ein større risiko å ha gardina ute enn sjølv spreininga av finmassar.



Turbiditetsmålarar

Av same grunnar – djupne, isdanning og vêrforhold – vart det vurdert at turbiditetsmålarar ikkje er føremålstenlege for overvaking av sjødeponeringa. Plassering nærare land vart vurdert å svekke overvakingssfunksjonen.

Ynskja løysing: Det vart difor ynskja å fjerne kravet om bruk av turbiditetsmålarar

Saksgang

Statsforvaltaren vurderer endringa av løyvet for å vere av mindre miljømessig betydning, og saka er difor ikkje førehandsvarsla, jf. forureiningsforskrifta 36-9 andre ledd bokstav b.

Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Rettsleg grunnlag

Etter forureiningslova § 7 må ingen setje i verk noko som kan føre til forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i § 8, er regulert i ei forskrift etter § 9, eller tillate etter vedtak i samsvar med § 11. Hovudregelen i lova er at mellombels anleggsarbeid er lovleg utan løyve når forureininga frå anleggsarbeidet er vanleg, jf. forureiningslova § 8 første ledd punkt 3. Statsforvaltaren har vurdert forureiningspotensialet og funne at tiltaket krev løyve etter forureiningslova § 11. Heimel til å endre løyve er gjeve i lovas § 18.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i § 4 og § 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver styremakt. Vidare skal miljørettsprinsippa i § 8 til § 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Nasjonal laksefjord

Når det vert gjort vedtak eller vert gjennomført tiltak som kan påverke laksens levevilkår, skal dei særskilte omsyna som følger av Stortingets vedtak om nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorlar leggjast til grunn. I desse områda skal laksen sikrast ein særleg beskyttelse mot skadelege inngrep, jf. lakse- og innlandsfiskeklova § 7 a. Dette er å gje ein særleg beskyttelse mot skadelege inngrep og aktivitetar i vassdraga og beskyttelse mot oppdrettsverksemd, forureining og munningsinngrep i de nærliggande fjord- og kystområda.

Kandidatområde for marint vern

Sognefjorden er kandidatområde for marint vern, fordi området er peika ut som særleg verdifullt og viktig for marin natur. Dette inneber at forvaltninga skal vise føre-var-prinsippet og ta omsyn til verneverdiane i all handsaming av tiltak som kan påverke naturmiljøet i området. Statsforvaltaren har i uttale til planendringa datert 19. september 2025 skrive at (sitat) "*Vi vurderer likevel ikkje endringane til å vere så omfattande i høve til dei konsesjonsgitte tiltaka at det vil føre til vesentleg auka konflikt med planlagt Sognefjorden marine verneområde.*"



Legging av sjøkabel krev ikkje løyve etter forureiningslova

Mudring i sjø er forbode, med mindre man har løyve. Mudring er definert i forureiningsforskrifta § 22-2 bokstav d som "forsettleg flytting av massar frå botnen, inkludert slamsuging, forskyving eller fjerning av botnsediment" og det står vidare at mudring ikkje omfattar "oppvirvling som følgje av normale aktivitetar i sjø ...". Legging av sjøkablar/leidningar vert rekna som "normale aktivitetar1", og er difor ikkje regulert etter forureiningsforskrifta kapittel 22.

Legging av sjøkablar/leidningar er definerte som midlertidig anleggsvirksomheit og er regulert av forureiningslova. "Vanleg forureining" frå midlertidig anleggsvirksomheit er tillate utan løyve, jf. forureiningslova § 8 første ledd 3. Forureining frå midlertidig anleggsvirksomheit som på grunn av art, omfang eller verknad ikkje kan reknast som "vanleg forureining", krev derimot løyve etter forureiningslova § 11. Dette må vurderast i den einskilde saka i lys av forureiningssituasjonen i tiltaksområdet og tiltakets eventuelle påverknad på naturverdiar som krev omsyn.

Vi har vurdert søknaden og finn at anleggsarbeida med legging av ein 2,2 km lang sjøkabel over Årdalsfjorden ikkje treng regulerast etter forureiningslova. Vi vurderer at risiko for forureining og negativ påverknad ved anleggsarbeidet er akseptabel. Og vi legg til grunn at Kystverket som styresmakt etter hamne- og farvannslova som skal godkjenne traseen med løyve tek omsyn til eventuelle kjende fiskeriinteresser og viktige marine naturtypar i si avgjerd.

Avgrensing mot anna lovverk

Kongelig resolusjon til bygging av Offerdal Kraftverk blei gjeve ved kongelig resolusjon 10. februar 2017 med heimel i energilova. NVE gav i vedtak 6. februar 2023 utsett byggefrist med inntil fem år, til 10. februar 2027. Offerdal Kraftverk AS søkte NVE om planendring for bygging av kraftverket 1. juli 2025. NVE sendte 8. august søknaden på høyring med frist 19. september 2025. NVE skal vedta planendringa, med heimel i vassdragsreguleringslova og energilova, basert på uttaler frå offentlege og private høyringsinstansar. Arealdisponeringa til bl.a. sjødeponi og nytt massedeponi Åsete med tilhøyrande vurderingar etter naturmangfaldlova vert gjort av NVE som styresmakt etter energilova.

Dette løyvet kan ikkje nyttast før alle vedtak er godkjend etter vassdragsreguleringslova og energilova.

Samanheng mellom løyve til anleggsarbeid etter forureiningslova og detaljplan for miljø og landskap

Anleggsarbeidet for å etablere kraftanlegg vert følgt opp av miljøtilsynet i NVE, mellom anna ved at utbyggjar skal utarbeide og følgje ein detaljplan for miljø og landskap. Planen skal skildre anleggsarbeidet og nødvendige tiltak for å redusere risikoen for negative verknader på miljøet. Planen skal godkjennast av NVE før anleggsarbeidet tek til. NVE har ansvaret for å kontrollere at konsesjonen og detaljplanen blir følgt i anleggsfasen, gjennom inspeksjon på anlegget eller dokumentkontroll. Byggherren har ansvaret for gjennomføringa av prosjektet si miljøoppfølgingsplan.

Statsforvaltaren vurderer at det i denne saka er praktisk at vårt løyve omfattar vilkår for reinsing av tunnelvatn, avrenning frå massedeponi og generelle vilkår for drift av riggområde. Resten av anleggsarbeidet blir handtert etter det etablerte forvaltningssystemet for vasskraftanlegg, der miljøtilsynet i NVE følgjer opp anlegget med omsyn til nødvendige tiltak for å redusere risikoen for negative verknader på miljøet.



Handtering av lettare forureina massar

Massar som oppstår under anleggsarbeid er definert som næringsavfall, jf. forureiningslova § 32. Lovas § 32 1.ledd seier at næringsavfall enten skal bringast til eit lovleg avfallsanlegg eller gjennomgå gjenvinning ved å komme til nytte ved å erstatte materialar som ellers ville blitt brukt. Miljødirektoratet kan i særlege tilfelle gje unntak til annan bruk, med heimel i lovas §32 2.ledd når disponering skjer på land og Statsforvaltar når disponering skjer i sjø eller vassdrag.

Miljødirektoratet har i rettleiar¹ skreve at dei arbeider med ei forskrift for disponering av overskuddsmasser av jord og stein som ikkje er forureina og som ikkje vert gjenvunne. Sitat Miljødirektoratet:

Frem til forskriftsbestemmelsene trer i kraft ser vi ikke behov for søknader om unntak fra § 32 første ledd til annen disponering av jord- og steinmasser som ikke er forurenset, så fremt:

1. *muligheter for gjenvinning er vurdert,*
2. *disponeringen er avklart etter plan- og bygningsloven, og*
3. *disponeringen skjer på land, og ikke i sjø eller vassdrag*

Miljødirektoratet har avklara at pkt. 2 også gjeld der disponeringa er avklara av styresmakt etter energilova og/eller vassdragsreguleringslova (NVE, Energidepartementet eller Kongen i Statsråd). For i slike saker gjeld ikkje plan- og bygningslova.

Så dersom NVE godkjenner planendringa, der Åsete vert nytta til massedeponi/jordbruksareal, så treng ikkje Miljødirektoratet å bli kontakta når massane som skal nyttast er reine massar, altså konsentrasjoner lågare enn normverdi.

Statsforvaltar er ikkje styresmakt etter forureiningslova til å godkjenne plassering av inntil 1 000 tonn lettare forureina massar på Åsete eller inne i tunnelen. Offerdal Kraft må difor søke til Miljødirektoratet om ei slikt løyve.

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forurensningsforskriftens § 36-2, som setter krav til innhald i søknader om tillatelse etter forurensningsloven. Statsforvaltaren meiner å ha tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak i saka.

Vi opprettheld utslippsgrensene for dei to reinseanlegga for tunnelvatnet (drifts- og dreinsvatnet) og dei fleste avbøtande tiltaka som er gitt som vilkår for anleggsutføringa. Utsleppsgrensene av reinsa tunnelvatn til hhv. Indre Offerdalselva og i Årdalsfjorden skal halde for suspendert stoff er 100 mgSS/l for ferskvatn resipienten og 400 mgSS/l for sjøresipienten.

Vi endrar vilkår for prøvetaking og krev kontinuerleg måling av turbiditet som eit mål på suspendert stoff. Det skal etablerast ei alarmgrense for turbiditet på bakgrunn av korrelasjon mellom prøveresultat for suspendert stoff og målt turbiditet.

¹ Disponering av jord- og steinmassar som ikkje er forureina – miljødirektoratet.no



Vi set eigne vilkår for massedeponiet – både til kva slags massar som kan plasserast der, vilkår for mellomlagring av lettare forureina masser, avbøtande tiltak for å redusere avrenning frå massedeponiet og vilkår for overvaking av sivevatnet.

Vi har oppdatert vilkåra knytt til deponering av sprengstein i sjøen slik Offerdal Kraftverk har søkt om. Vi er einig i den vurderinga som er gjort og endrar vilkåra.

Vi har teke med vilkår om omsyn til havnespy for anleggsarbeida i sjø om det vert nytta lekter/skip.

Og vi har sett vilkår om prøvetaking av Indre Offerdalselvi i anleggsperioden og i etterkant.

Konklusjon

Statsforvaltaren si vurdering av tiltaket etter naturmangfaldlova og vassforskrifta, slik den går fram av vårt vedtak datert 24. november 2024, står ved lag og krev ikkje ny vurdering som følgje av denne endringa.

Vi vurderer at faren for forureining og risikoen for negativ påverknad er akseptabel med dei endringane som er omsøkte.

Statsforvaltaren sitt vedtak går fram av første side. Vilkåra følgjer som vedlegg.

Endring og omgjeri

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Klagerett

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i



Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngitt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Løyvets vilkår

Kopi til:
Årdal kommune
Fiskeridirektoratet Region vest
Vestland fylkeskommune
Kystverket



Endra løyve etter forureiningslova til utslepp frå tunneldrift og utfylling med steinmassar i sjø - Offerdal kraftverk i Årdal kommune

Med heimel i forureiningslova § 18, jf. § 16 har Statsforvaltaren endra Offerdal kraftverk AS sitt løyve til utslepp av drifts- og drensvatn i samband med bygging av Offerdal kraftverk. Vi har samstundes gjort unntak frå forureiningslova § 32 første ledd og gitt løyve til utfylling med overskotsmassar i Årdalsfjorden. Løyvet var opprinneleg gitt på grunnlag av opplysningar gitt i revidert søknad om utsleppsløyve datert 8. juli 2019 og søknad om løyve til dumping av steinmassar datert 25. august 2017. Endringa blei gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad datert 3. september 2025 og opplysningar som elles har kome fram under sakshandsaminga.. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom tiltakshavar ønskjer endringar i driftstilhøve som kan ha noko å seie for forureininga frå anleggsverksemda og som ikkje er i samsvar med kva som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må tiltakshavar i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.

Data om tiltakshavar

Tiltakshavar	Offerdal kraftverk AS		
Stad/gateadresse	Røysavegen 1	Postadresse	6893 Vik i Sogn
Kommune	Vik	Fylke	Vestland
Org. nummer (verksemd)	990 395 209 eigd av 916 069 634 (Sognekraft AS)		
NACE-kode og bransje	35.111 Produksjon av elektrisitet frå vasskraft		

Data om anlegget

Anlegg	Øvre - og Nedre Offerdal kraftverk		
Kommune	Årdal	Fylke	Vestland
Anleggstype	Utslepp av drifts- og drensvatn frå tunneldrift, utfylling i sjø		
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32, aust: 422149, nord: 6789587 (Indre Offerdalselvi) UTM sone 32, aust: 421262, nord: 6786854 (Årdalsfjorden)		

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivnummer
2020.1114.T	4643.0039.01, 4643.0040.01 og 4643.0041.01	2018/1215

Løyve gitt første gong: 24. november 2020	Endringsnummer: 1	Løyve sist endra: 1. desember 2025
Lars Martin Færseth seksjonsleiar		Magne Nesse senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk

Endringslogg

Endringsnummer	Dato	Vilkår	Endringar
1	01.12.2025	5	Endra vilkår for utfylling i sjø
1	01.12.2025	7	Nye vilkår massedeponi

1 Løyvet omfattar

1.1 Omfang

Løyvet gjeld forureining frå anleggsarbeid og dumping av sprengsteinmassar i samband med bygging av Offerdal kraftverk i Årdal kommune. Dette gjeld utslepp av reinsa drifts- og drensvatn frå tunneldriving, avrenning frå vaskeplassar, avrenning frå massedeponi, utfylling med sprengsteinmassar i sjø og generelt anleggsarbeid.

Løyvet er basert på opplysningar frå følgande dokument:

- Ytre og Indre Offerdal kraftverk - søknad om utslippstillatelse for tunneldrivevann. Multiconsult 8. juli 2019
- ØVRE OG NEDRE OFFERDAL - endringsmelding for tillatelse 2020.1114.T Multiconsult datert 3. november 2025

Statsforvalteren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i dokumenta ovanfor med mindre annet er avtalt med Statsforvalteren. Statsforvalteren gir løyvet under forutsetning at dei avbøtande tiltaka som er planlagt vert gjennomført og at anleggsarbeidet vert utført i tråd med løyvet.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvalteren skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet seinast ei veke før arbeidet tek til. Varsling kan gjerast med ein e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Pliktene omfattar òg utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i denne løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining, skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller stanse drifta.

Tiltakshavar skal snarast mogleg informere Statsforvaltaren om unormale forhold som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med vilkår 3.3.

2.4 Miljørisikovurdering av anleggsarbeidet

Løyvet sine vilkår er bl.a. basert på miljørisikovurderingane som er utførte i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei føreslåtte avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderingane oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsynlegheit- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak og sikre at tiltaka herifrå blir innarbeidde og gjennomførte.

2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet blir følgde. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, samt dei restriksjonane som er lagde på arbeidet.

2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løyvet er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følgje av alminnelege erstatningsreglar.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for si verksemd i medhald av internkontrollforskrifta. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at tiltakshavar følgjer krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavar sitt anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjend med og har internkontrollsystem i tråd med løyvet sine vilkår.

Tiltakshavar pliktar alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På grunnlag av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar setje i verk miljørisikoreduserande tiltak.

3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til sannsynlegheit for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan oppstå. Beredskapsplikta inkluderer òg utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense påverknad av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal vere tilgjengeleg og kjend for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i følge planen kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon **110**, etter forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal òg varslast.

4 Utslepp til vatn

4.1 Renseanlegg for tunnelvatn – grenseverdier og prøvetaking

Utsleppsgrensene i tabell 1 gjeld målingar ut frå reinseanlegga og før utslepp i Indre Offerdalselva og i Årdalsfjorden.

Tabell 1

Parameter	Grense ut fra reinseanlegg Årdalsfjorden	Grense ut fra reinseanlegg Indre Offerdalselvi	Prøvetaking
Suspendert stoff	400 mg/l	100 mg/l	Stikkprøve
Olje	5 mg/l	5 mg/l	Stikkprøve
pH	Ikkje grense	6-8	Kontinuerlege målingar
Turbiditet*			Kontinuerlege målingar
Vassmåling			Kontinuerleg

**Alarmgrense for turbiditet skal etablerast på bakgrunn av korrelasjon mellom prøveresultat for suspendert stoff og målt turbiditet. Ved overskridingar av grenseverdier skal årsaksforholda avklarast og nødvendige avbøtande tiltak gjennomførast.*

Det skal takast stikkprøve kvar veke. Stikkprøva skal analyserast for olje og suspendert stoff (SS). Stikkprøvetaking for SS kan avsluttast når det er etablert samanheng mellom SS og turbiditet. Dersom prøveresultata viser låge verdier over tid, kan prøvetakingsintervallet reduserast etter avtale med Statsforvaltaren.

Målt vassmengde til reinseanlegga skal kontrollerast mot dimensjoneringa av anlegga.

4.2 Drift og vedlikehald av reinseanlegg

Drifts- og drensvatnet frå tunneldrivinga skal, som eit minimum, reinsast i sandfang og slam og oljeutskiljar før det vert ført til resipientane. Reinseinnretningane skal vere dimensjonerte for

maksimal reell vassmengd, og opphaldstida må vere tilstrekkeleg lang for sedimentasjon. Dei skal ha tilfredsstillande sikring mot akutte utslepp.

Det skal etablerast rutinar for jamleg kontroll av slaminnhaldet i reinseinnretningane og eventuelle infiltrasjonsgrøfter. Tømming skal utførast så ofte som føresett ved dimensjoneringa og på ein slik måte at reinseeffekten ikkje vert redusert.

Det skal etablerast rutinar for jamleg kontroll og tømming av oljeutskiljarane.

Det skal etablerast driftsjournal for reinseanlegg og oljeutskiljarar. Tiltakshavar skal som minimum journalføre analyseresultat, mengd olje/slam og dato for tømming og innlevering. Driftsjournalen skal kunne visast fram ved eit eventuelt tilsyn.

Dei reinsetiltaka det er sett krav om, skal vere i funksjon i heile anleggperioden. Etter avslutta anleggsverksemd skal dei mellombelse anlegga fjernast.

Ekstreme vêrtilhøve må være inkluderte i risikovurderinga og beredskapsplanen jf. vilkår 8 i dette løyvet.

4.3 Utsleppspunkt og resipientar

Reinsa drifts- og drensvatn frå krafttunnelen mellom Ytre - og Indre Offerdalselvi skal leiast til utslepp i Indre Offerdalselvi ved Skogli. Reinsa vatn frå krafttunnelen mellom Indre Offerdalselvi og Årdalsfjorden skal leiast til oppgitt stad i Årdalsfjorden. Om naudsynt skal lokaliseringane avklarast med grunneigar, Årdal kommune eller andre aktuelle partar og faginstansar.

Det skal etablerast rutinar for visuell inspeksjon ved utsleppsstadene. Observasjonar av oljefilm, blakka vatn eller anna forureining skal registrerast. Ved vesentleg forureining skal dette varslast, jf. punkt 8.4.

4.4 Utsleppsreduserande tiltak ved anleggsarbeid

Riggområda skal etablerast slik at eventuell forureining frå desse områda kan kontrollerast.

Utslepp av olje, smørefeitt og drivstoff i større omfang vil vere knytt til uhell eller lekkasjar på maskiner og utstyr under anleggsarbeidet. Det skal etablerast rutinar for påfylling av drivstoff, vedlikehald av maskinparken m.m., med føremål om å redusere forureining til grunnen og resipienten. Ved eventuelle punktutslepp av olje, drivstoff, smørefeitt eller anna skal mest mogleg samlast opp. Absorbent skal vere tilgjengeleg på stader der slik forureining kan oppstå.

Det skal ikkje etablerast verkstader og vaske-/spyleplassar med direkte avrenning til vassdraget. Eventuelle vaske-/spyleplassar skal ha tett dekke og avrenning til oljeutskiljar, og dei skal tilfredsstillende utsleppskrava i tabell 1.

Det er ikkje tillate å vaske eventuelle betongbilar utan reinsing av vaskevatnet dersom utsleppet går direkte til vassdrag, då dette kan medføre høge pH-verdiar. Vaskevatn frå betongbilar skal leiast til reinseanlegg og pH-justerast, jf. tabell 1.

5 Vilkår for utføring, kontroll og overvåking av utfylling i sjø

5.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på ein måte som minimerer spreieing av partiklar og tilslamming av vassmassane. Dersom det oppstår utilsikta forureiningssituasjonar skal arbeidet stanses og korrigerande tiltak gjennomførast.

5.2 Partikkelsperre/siltgardin

Det skal nyttast siltgardin rundt tiltaksområdet under anleggsarbeidet for å redusere faren for forureining og spreieing av finstoff til vassførekomsten. Det skal nyttast siltgardiner som er eigna for tilhøve vil tiltaksområdet, sjå fagrapport¹ frå Statens vegvesen. På grunn av stor djupne, straum, vind/bølger og danning av is i vinterstid kan bruken av siltgardin tilpassast tilhøva. Siltgardina kan dekkje dei øvste 5 metrane av vatnsøyla og bruk av siltgardin kan unntakas når sjøen er dekkja av is. Vi ber om å bli kontakta når bruk av siltgardin endrar seg.

5.3 Aktsemd ovanfor framande organismar

Den framande arten havnespy/japansk sjøpung (*Didemnum vexillum*) er allereie etablert fleire stader i landet. Dette er ein framand og uønskt art som formerer seg raskt og forårsakar store problem for marine miljø og næringar. Arten veks blant anna på skrog, fortøyingar, bryggjer og anna som finst i sjøen. Vestland fylke har gjennom dei siste åra registrert ein auke i observasjonar av havnespy.

Havnespy er påvist ved kaier i Haugesund, Askøy, Bergen og fleire stadar i Sogn (Florø, Måløy, Sløvåg). Arten blir spreidd via skipsfart, særleg i dei største hamnene som har besøk av utanlandske skip. Arten kan òg bli spreidd til mindre hamner via småbåtar eller festa til tauverk, blåsar og andre flyteobjekt i sjøen.

Statsforvaltaren minner om aktsemdsplikta i medhald til forskrift om framande organismar § 18. Der står det at den som set i verk tiltak som kan medføre utilsikta spreieing av framande organismar i miljøet, skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneber, kunnskap til å treffe førebyggjande tiltak og kunnskap til å raskt avdekkje utilsikta spreieing av framande organismar.

Mistanke om funn av havnespy [må meldast inn](#) og verifiserast av marinbiologisk kompetanse. Dersom havnespy blir bekrefta, [skal observasjonen rapporterast til Artsdatabanken](#), og det må setjast i verk tiltak for å unngå vidare spreieing. Slike tiltak skal skje i samsvar med [retteleiing gitt av Sjøfartsdirektoratet](#).

Kontroll gjeld også til transporterte båtar og utstyr. Dersom havnespy blir oppdaga, skal Statsforvaltaren kontaktast og orienterast om kva tiltak som blir sett i verk for å overhalde aktsemdsplikta.

¹ Siltgardiner: funksjon, tilpasning og oppfølging. Rapport nr. 205 – 2013

6 Utsleppskontroll og prøvetaking

6.1 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppet ved å gjennomføre målingar. Det skal utarbeidast og setjast i verk eit måleprogram med tilhøyrande skriftlege internkontrollrutinar og driftsinstruksar for oppfølging av måleinstrument i anleggsperioden. Plasseringa av målepunkt skal baserast på fagleg vurdering utført av personar med relevant kompetanse.

Målingane skal omfatte prøvetaking, analysar og/eller utrekningar. Prøvane skal takast og handterast i samsvar med Norsk Standard. Dersom slik standard ikkje finst, kan annan internasjonal standard nyttast. Prøvetaking skal utførast av personar med naudsynt fagkompetanse. Analysane skal utførast av eit laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane. Verksemda skal jamleg gjennomføre kontroll og kalibrering av måleutstyr.

Målingane og utrekningane skal utførast slik at dei er representative for det faktiske utsleppet som tiltaket kan medføre. Verksemda skal utarbeide eit måleprogram for dei parametranne som er omtalte i vilkår 4.1 (reinseanlegga) vilkår 7.2 (sigevatn frå massedeponi) og 5.3 turbiditet.

Sidan akkreditert metode for suspendert stoff må baserast på stikkprøver, skal utsleppet òg målast kontinuerleg for turbiditet. Måleprogrammet skal skildre metode for å etablere samanheng mellom suspendert stoff og turbiditet, samt forslag til alarmgrenser m.m. Når det er etablert ein lineær samanheng mellom prøveresultat for suspendert stoff og turbiditet, kan målingane baserast på turbiditet med fastsette alarmgrenser og midlingstider. Forslag til dette skal gå fram av programmet for utsleppskontroll.

Dersom turbiditeten overstig alarmgrensa for utsleppspunktet, skal utsleppet stansast, årsaksforhold avklarast og nødvendige avbøtande tiltak setjast i verk. Det same gjeld ved overskriding av grenseverdi for pH.

Verksemda skal ta vare på alle prøveresultat og anna dokumentasjon frå utsleppskontrollen. Opplysningane skal vere tilgjengelege ved kontroll eller førespurnad frå forureiningsstyresmakta, jf. forureiningslova § 50.

6.2 Prøvetaking i Indre Offerdalselvi

Før anleggsarbeidet tek til, skal det utarbeidast eit måleprogram som skildrar kva målingar som er føreslått for oppfølging og overvaking av vassdraget. Metodeval og kriterium for å setje i verk tiltak skal gå fram av programmet. Måleprogrammet skal inngå i kontroll og overvakingssplan.

Vasskvaliteten i vassdraget skal følgjast opp med prøvetaking og analysar både i anleggsperioden og i etterkant.

Det skal gjennomførast minst éi runde med overvaking etter avslutta anleggsperiode. Dersom det viser seg at resipienten har fått redusert kvalitet etter at prosjektet er ferdigstilt, skal det gjennomførast opprydding og habitatforbetrande tiltak for å rette opp forholda.

Verksemda skal ta vare på alle prøveresultat og annan dokumentasjon frå prøvetakinga i bekkane. Opplysningane skal vere tilgjengelege ved kontroll eller førespurnad frå forureiningsstyresmakta, jf. forureiningslova § 50.

7 Massedeponi

7.1 Generelt

Etablering av permanente massedeponi skal skje i samsvar med gjeldande konsesjon og detaljplan for miljø og landskap, gitt av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). I massedeponiet ved Åsete er det søkt plassert inntil 200 000 am³ massar.

Avrenning av sprengstoffrestar og finstoff frå massedeponiet skal avgrensast ved å etablere avskjerande grøfter oppstraums deponia og reinseløysingar nedstraums deponia i form av infiltrasjon, filterløysingar eller tilsvarande. Detaljert prosjektering av løysingane skal sendast til Statsforvaltaren når denne er utarbeidd.

7.2 Prøvetaking av avrenning (sigevatn) frå massedeponi

I oppsamlingssystem nedstraums massedeponi skal det takast tolv prøver første året, deretter fire prøver per år, jamt fordelt gjennom året. Prøvane skal takast som stikkprøver og analyserast for suspendert stoff, totalnitrogen, ammonium-nitrogen og nitrat-nitrogen. Dette skal dokumentere om reinseløysingane er tilfredsstillande, eller om dei må forbetrast. Detaljert opplegg for prøvetaking nedstraums massedeponia, tilpassa vinterdrift m.m., skal skildrast i kontroll og overvaksingsplanen, jf. vilkår 8.

7.3 Massar som kan plasserast i massedeponi

Det er berre tillate å plassere sprengstein som blir teken ut i samband med bygginga Offerdal kraftverk.

Massane skal ikkje innehalde forureiningsstoff som overstig normverdiene for forureina grunn i vedlegg 1 til forureiningsforskrifta kapittel 2. Dersom massane har naturleg forhøgde bakgrunnsverdiar av desse normverdiene, skal det gjerast ei risikovurdering og dokumenterast at massane sitt utlekkingspotensial ikkje er til skade eller ulempe for miljøet.

Det er heller ikkje tillate å nytte steinmassar som dannar syre eller andre stoff som kan føre til forureining ved kontakt med vatn og/eller luft.

Det er ikkje tillate å deponere avfall, til dømes betong, betongslam, asfalt, slam frå reinsanlegg o.l., i fyllingane.

7.4 Bruk av massedeponi til mellomlager av lett forureina massar

Deler av massedeponiet kan nyttast til mellomlagring av lett forureina tunnelmassar som oppstår i prosjektet, som til dømes bunnrenskmassar, massar som er mistenkte forureina, og massar omtala under vilkår 7.3. Dersom det vert påtreft massar som fell inn under kategorien farleg avfall, gjeld vilkår 10.1.

- Det skal merkjast tydeleg kvar massane kjem frå, og massar med ulik forureiningsgrad skal ikkje blandast. Det er ikkje lov å fortynne forureina massar ved å blande dei med mindre forureina massar.
- Massane skal lagrast på eit plant underlag med fast dekke, til dømes asfalt, betong, container, duk/presenning, ein absorberande såle (bark, steinmjøl, sand o.l.) eller ein optimal kombinasjon av desse.
- Ved nedbør skal det setjast i verk tiltak for å hindre auka avrenning, til dømes ved å leggje presenning over massane.
- Ved lagring av blaute massar bør det etablerast vollar av absorberande materiale (bark, steinmjøl, sand o.l.) rundt dei mellomlagra massane for å hindre avrenning. Dette er særleg relevant ved mykje nedbør.

8 Kontroll og overvaking

Miljørisikoanalysen skal danne grunnlaget for ein kontroll- og overvakingsplan for tiltaket. Under heile gjennomføringa av tiltaket skal det gjennomførast kontroll og overvaking i tråd med denne planen. Planen skal vere omfattande nok til å avdekke eventuell spreing av forureining frå tiltaket.

Kontroll- og overvakingsplanen skal utarbeidast i samsvar med anbefalingane i Miljødirektoratet sin rettleiar M-350/2015 og oppfylle vilkåra i løyvet. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analysar skal følgje Norsk standard. Planen skal sendast til Statsforvaltaren når den er ferdig utarbeidd.

9 Grunnforureining og forureina sediment

Anleggsverksemda skal vere innretta slik at det ikkje vert sleppt ut noko til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Tiltakshavar pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller som skal hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like. Slike tiltak må svara til dei skader og ulemper som skal hindrast.

Tiltakshavar pliktar å halde løpande oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på anleggsområdet og eventuelle forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreing av

forureining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er naudsynt å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

10 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her alle typar kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i samband med anleggsverksemda. Slike kjemikal kan til dømes vere drivstoff, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal tiltakshavar dokumentere at det er gjort ei vurdering av helse- og miljøegenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Tiltakshavar pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Tiltakshavar skal kontinuerleg vurdere av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om det finst alternativ. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar tiltakshavar å bruke slike så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.²

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket³ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

11 Avfall

11.1 Generelle krav

Tiltakshavar pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av anleggsverksemda. Tiltakshavar skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår under anleggsarbeidet, skal primært brukast om att. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Tiltakshavar pliktar å syte for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med reglane som gjeld for slik handtering og som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta⁴.

11.2 Farleg avfall

Tiltakshavar skal handtere farleg avfall i samsvar med kapittel 11 i avfallsforskrifta.

Farleg avfall som vert lagra på anleggsområdet før levering/henting, skal sikrast slik at lagringa ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Dette gjeld t.d. utskild olje og

² Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloval) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

³ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

⁴ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av 01.06.2004, nr. 930

oljehaldig slam. Farleg avfall som vert lagra, skal merkast slik at det går klårt fram kva som er lagra, og det skal ikkje blandast saman med anna avfall. Farleg avfall som ikkje er lagra på tank, skal som eit minimum lagrast på tett fast dekke under tak og med fall mot dette oppsamlingseiningar. Lageret skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkommande.

11.3 Handtering av slam frå reinseanlegg

Botnrenskmassar og slam frå reinseanlegga og grøfter inne i tunnelane, vert rekna som næringsavfall og skal handterast i tråd med forureiningslova § 32. Det skal takast prøvar av slammet/botnrenskmassane.

Dersom analyser viser at konsentrasjonen av helse- og/eller miljøfarlege stoff ligg under normverdiane gitt i forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1, så kan massane disponerast i tråd med rettleiar⁵ M-1243. Er innhaldet over normverdiane, skal massane leverast til lovleg avfallsanlegg.

12 Rapportering til Statsforvaltaren

12.1 Rapportering underveis

Følgande dokument skal sendast Statsforvalteren når dei er utarbeida

- Detaljert prosjektering av utslippsarrangement massedeponi, jf. vilkår 7.1
- Kontroll og overvåkingsplan, jf. vilkår 8
- Endring i bruk av siltgardin, jf. vilkår 5.2

12.2 Sluttrapport

Tiltakshavar skal sende rapport til Statsforvaltaren innan seks månader etter at anleggsarbeidet er slutført. Rapporten skal som minimum innehalde følgjande:

- Omtale av tiltaket og arbeidet som er utført
- Oppsummering av resultata frå utsleppskontrollen og overvaking av resipientane.
- Samla omtale og dokumentasjon på effekt og avbøtande tiltak som er gjennomførde for å hindre uheldig verknad på miljøet
- Oversikt over avfallsmengder
- Samla utgreiing for eventuelle vilkår i løyvet som ikkje er oppfylte, inkludert grunngjeving for avvik

13 Tilsyn

Tiltakshavar pliktar til ei kvar tid å la representantar for forureiningsstyresmakta eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med anlegget.

⁵ Disponering av jord og stein som ikkje er forurenset. Miljødirektoratet